

Varsel om oppstart av reguleringsendring for Detaljregulering for Ebbesvika-Straume

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for endring av
Detaljregulering for Ebbesvika-Straume, gnr. 45 bnr. 213 m. fl. –
Straume, Fjell kommune.

Reguleringsplanarbeidet har som formål å leggje til rette for nytt
Coop Obs Bygg.

Reguleringsplan

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner
og planskildring som viser bruk, vern og utforming av areal. Ein
reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området, og er ved
kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak, eller utviding av
eksisterande tiltak.

Tiltakshavar og konsulent

Brødrene Ulveseth Eiendom AS er tiltakshavar. Holon Bergen as er
konsulent for reguleringsplanarbeidet.

Planområdet

Området ligg i næringsområdet sør for sentrumskjernen på Straume.
Området er regulert i gjeldande plan Detaljregulering for Ebbesvika-
Straume, gnr. 45 bnr. 213 m. fl.

Tiltaksområdet er i dag dels planert ut, og dels med fjell i dagen. Areal
ligg nedanfor Ebbesvikfjellet, noko som skjermar bygget frå
bustadområdet. Det er vurdert at planen ikkje fell under vilkåra etter
forskrift om konsekvensutgreiing. Planområdet vil kunne justerast etter
varslinga.

Formålet med reguleringa

Coop Obs Bygg ynskjer å flytte næringsverksemda frå Straumfjellvegen
til planområdet med den nye vegen til Ebbesvika for å leggje til rette for
meir plass og betre eigna lokale. Gjeldande reguleringsplan må justerast
for å oppnå det ein har intensjonar om i plangrepet. Planområdet
omfattar òg kryssområdet med Idrettsvegen. Det skal i planarbeidet
gjerast ei vurdering av utforminga av dette kryssområdet. Plangrensa kan
verte justert etter endeleg utforming av krysset.

Merknader til oppstartsmeldinga

Merknader og opplysningar som kan vera interessante for
planarbeidet kan sendast til:

Holon Bergen AS, Kanalveien 11, 5068 Bergen. Merknader kan
også sendast på e-post til: post@holon.no

Alle mottekne dokument, merknadar og liknande vil følgja planforslaget
når planen vert sendt til kommunen for behandling.

Merk alle førespurnadar med vår referanse «190430 Straume».

Merknadsfrist

Frist for å komma med merknader er sett til **21.01.2020**.

Vidare saksgong

Alle merknadar som vert sendt inn skal vurderast av forslagsstillar. Etter at meldingsfristen er gått ut vil sjølve planframlegget bli utarbeidd, for deretter å bli sendt til Fjell kommune for vurdering og saksbehandling.

Etter første gongs handsaming i komité for plan og utvikling, vert planen sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker. Det vil då vera mogleg å komma med merknader til planframlegget før vidare politisk behandling.

Heile planprosessen kan følgjast via postlistene til Fjell kommune. [Søk etter saksnr. 2019/2916](#)

Vedlegg:

1. Varslingsliste, oversiktskart og varslingskart
2. Varslingskart
3. Referat frå oppstartsmøte